

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 02.06.2021
Vår ref.: 201604454-8
Arkiv: 323
Dykkar dato: 05.05.2021
Dykkar ref.: 201604454

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til høyring av flaumvurdering for detaljregulering av Drotningshaugstølen og Lastølen i Sykkylven

Vi viser til brev datert 05.05.2021. Sykkylven kommune ber om uttale til flaumvurdering som er gjennomført for planarbeidet. NVE hadde merknad til at reell fare for flaum og erosjon ikkje var tilstrekkeleg avklara ved offentleg ettersyn av planframlegget.

NVE ber om orsaking for at vi ikkje har svara på brevet innan fristen som var sett til 20.05.2021.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine merknader til revidert planframlegg

Multiconsult AS er engasjert til å gjere vurderingar av fare for flaum og erosjon knytt til bekkar i planområdet, jf. rapport datert 12.05.2020. Kommunen opplyser at plandokumenta er oppdatert med endringar i plankartet og føresegnene basert på vurderingane som er gjort.

NVE er nøgd med at det er gjort ei konkret vurdering av flaumtilhøva i planområdet. Sjølv om det er mindre bekkar som renn gjennom planområdet, viser vurderingane at det kan vere ein fare for flaum i større delar av planområdet enn det aktsemdskartet for flaumfare viser.

Multiconsult skriv at det er utfordrande å lage hydrauliske modellar for bekkane fordi det er bratt terreng og bekkane har lite definerte løp. Det er gjort 2D-modelleringar med føresetnad om tette stikkrenner som er vurdert å vere realistisk ved ein 200-års flaumsituasjon. I flaumutrekninga er det lagt til grunn «NIFS-metoden» og eit klimapåslag på 40%.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Det er slik vi les Multiconsult sin rapport er ikkje vurdert om bekkane følgjer definerte løp oppstraums planområdet, jf. tekst andre avsnitt s. 15 i rapporten. NVE meiner det er ein mangel ved utgreinga at det ikkje er vurdert korleis vatnet kjem inn i planområdet. **Vurderingane bør avklare om bekkane følgjer definerte løp i ein flaumsituasjon, eller om større delar av planområdet vil vere flaumutsett og det kan vere trong for å gjere tiltak oppstraums.**

Innanfor planområdet er simuleringa av vassføring i dei ulike bekkeløpa vist i figurane 5 til 8 i rapporten. I tillegg er det i rapporten gjort vurderingar av konsekvensane for flaumvatn med å simulere DV-tal (konsekvens av vassdjup + fart på vatnet). Der DV-tal er mindre enn 0,3 er fare for tap av liv og konstruksjonssvikt vurdert som liten.

I framlegg til revidert plankart er det områda med DV-tal større enn eller lik 0,3 som er regulert med omsynssone *Flaumfare H320*. I tilhøyrande framlegg til føresegner i § 7.2 er det ikkje tillate med tiltak i desse områda. Med slik framstilling er det berre nokre mindre område midt i bekkeløp som er definert som fareområde.

NVE meiner at fareområde for flaum skal vise kva areal som kan bli råka av flaum ved eit gitt gjentaksintervall, uavhengig av konsekvens av flaumen. Aktuelle gjentaksintervall er fastsett i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2, og faresona må vise fare ved gjentaksintervall som er relevant for tiltaka planen skal legge til rette for.

Det er rett at TEK17 med rettleiing opnar for å heve byggegrunn til flaumsikkert nivå, eller dimensjonere og konstruere tiltak slik at det toler lastene og skader vert unngått. Dersom planen skal legge opp til å gjennomføre tiltak på denne måten, må plandokumenta dokumentere at tiltaka ikkje fører til at byggverk, byggegrunn og tilgrensande terreng ikkje vert utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe som følge av tiltaket, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd.

Slik plankartet er framstilt er det vanskeleg å ta stilling til kva areal som er utsett for flaumfare, og kva nye tiltak planen opnar for i flaumutsett areal. I revidert planomtale er står det at nokre tomter er plassert nær bekk, men at det ikkje er vurdert flaumfare. Vi meiner plankartet må vise fareområde for 200-års flaum før vi kan ta endeleg stilling til konsekvensane av planen.

NVE rår til at plankartet viser areal som er utsett for flaumfare med omsynssone *Flaumfare H320*, med tilhøyrande føresegner som definerer gjentaksintervall og set krav til dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik før tiltak kan gjennomførast.

Dersom det er utfordrande å simulere kva areal som vert råka av dimensjonerande flaumstorleik på grunn av lite definerte bekkeløp, rår vi til at det basert på simuleringane blir vurdert kva avstand frå bekkeløpa som gir tilstrekkeleg tryggleik. Konklusjonen frå slike vurderingar bør innarbeidast i plandokumenta med utviding av omsynssona eller regulere byggegrense med tilstrekkeleg sikker avstand frå bekkane.

Ei anna relevant problemstilling er om stikkrenner og liknande i planområdet har tilstrekkeleg kapasitet i flaumsituasjonar. I rapporten er det gjort ei kartlegging av eksisterande stikkrenner, men etter det vi kan sjå ikkje gjort vurdering av kva kapasiteten bør vere. Dersom det vert avdekka manglande flaumkapasitet vil relativt små tiltak truleg kunne redusere fare for flaum enkelte stader i planområdet.



Multiconsult skriv at nokre av dei eksisterande hyttene ligg i flaumutsett areal, men at dei ikkje vil vere utsett for øydeleggande krefter (DV-tal < 0,3). Vidare skriv dei at det ikkje er krav om å sikre eksisterande hytter mot flaumfare.

Det er rett at kartlagt fare ikkje vil ha tilbakeverkande kraft for bruk av eksisterande tiltak. I plansamanheng meiner vi likevel at kartlagt fare må regulerast som omsynssone for heile planområdet. Krav til tryggleik vil bli gjeldande dersom det er planar om nye tiltak som er omfatta av pbl § 20-1 på desse eigedomane.

Vi registrerer at det i framlegg til reviderte føresegner er sett krav til etablering eller sikring av naturleg vegetasjonsbelte for arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag med underføremål Naturområde, jf. § 6.1. Avgrensinga av dette føremålet er endra i plankartet etter offentleg ettersyn, og føremålgrensa gjeld også som byggegrense mot vassdraga. I planomtalen er det lite informasjon om kva vurderingar som er gjort for avgrensing av arealføremålet. Med bakgrunn i våre merknader til flaumutfordringane ovanfor, meiner vi at bør gjerast ei grundigare vurdering av kva areal som skal regulerast med vassdragsføremål. Det bør også gjerast ei konkret vurdering av kva areal som er naturleg å avgrense med krav til kantvegetasjon.

Samla sett meiner NVE at kunnskapen som kjem fram av Multiconsult sin rapport gir eit betre bilde av flaumsituasjonen i planområdet. Vi meiner at plankartet må vise kva areal som kan vere utsett for flaum uavhengig av konsekvens, og ber kommunen ta omsyn til våre merknader ovanfor. I tillegg meiner vi at det må avklarast om bekkane vil følgje løpa sine oppstraums planområdet slik Multiconsult føreset.

Dersom de har spørsmål til merknadane kan de ta kontakt for å avklare dei.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
fung. seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

